



- eit fyrtårn i vest

## Dette skjedde 1. halvår 2021



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det første halvåret 2021

Tekst: Vignleik Brekke

Foto: Kjell Andersland, Jenny Heggvik, Hanna Misje Lokøy, Museum Vest og Vignleik Brekke

[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

## Januar

### Her får Brita den første vaksinen i Øygarden



97 år gamle Brita Nesse var den første innbyggjaren i Øygarden som fekk vaksine mot koronaviruset.

- Dette var jo ingenting. Heldigvis er det gjort. Eg håpar alle vil ta vaksinen, sa Brita etter at sjukepleiar Gintare Doleizeryte hadde sett vaksinen i armen på den spreke kvinna på Sundheimen i Skogsskiftet litt før klokka 10 den 6. januar.

- Dette kan vera starten på lettare dagar for både tilsette, bebuarar

og pårørende, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

### Første salve for Northern Lights

Det smalt kraftig på Ljøsøyna då det den 12. januar vart markert start på arbeidet med Northern Lights-prosjektet i Energiparken.

- For Øygarden kommune har dette stor betydning. Vi står no i Energiparken, og vi ønskjer at dette vert vårt svar på det grøne skiftet og at vi set Noreg på kartet, sa ordføraren på markeringa nokre minutt før salva gjekk av klokka 15. Den 9. mars vart det markert at det nye mellombelse visningsanlegget i Energiparken i Øygarden var klar til bruk.



### Nyttar Sotra Arena til vaksinasjon mot koronaviruset

I januar vurderte den kommunale kriseleiinga (KKL) i Øygarden aktuelle lokale for vaksinasjon mot koronaviruset. Det vart konkludert med at Sotra Arena skulle vera hovudlokale for vaksinasjonen. Det var også aktuelt på kort varsel å nytta Hjeltefjorden Arena og/eller Spildehallen dersom det skulle oppstå behov for ekstra lokale.

### Utbygging av straumforsyninga hastar

I møtet den 21. januar gav formannskapet (21.01.) uttrykk for at mangel på elektrisk kraft kan verta hinder for etablering av nye arbeidsplassar i regionen. Formannskapet gav uttale om konseptvalutgreiing (KVU) av eit tredje straumsamband til Kollsnes. Utgreiinga er utarbeidd av Statnett.



### Engasjerer seg i bruken av Frihuset




Ungdommens kommunestyre ønskjer å vera med i arbeidet med å utforma bruken av Frihuset på Ågotnes.

I ei sak til møtet i UKS den 27. januar var det invitert til å gje innspel på korleis lokalet best kan disponerast for barn og ungdom. I drøftinga kom det fram at huset bør vera ope for dei fleste organisasjonar som ønskjer det. Det bør også vera lagt til rette for sitjegrupper og arrangement som til dømes spelekveld, filmkveld og bordtennisturnering.

## Februar

### Møte med byggebransjen og trussamfunn



I samarbeid med Vest Næringsråd gjennomførte Øygarden kommune den 11. januar eit videomøte med representantar frå byggebransjen. Bakgrunnen var at det truleg same dag ville verta vedteke ei forskrift om smittevern fagleg drift på byggeplassar i fleire kommunar i bergensområdet. Denne forskrifta vart ikkje identisk med forskrifta vedteken i Bergen, men hadde på same måte som forskrifta i Bergen eit mål om å unngå ukontrollert spreing av mutert koronavirus i samfunnet som følgje av utbrot til byggeplassar. Den 18. mars hadde kommuneleiinga møte med representantar frå livssyns- og trussamfunn, og den 8. april var det møte med representantar frå idretten.

### Tek imot 28 flyktningar

Etter ein lengre debatt vedtok kommunestyret den 18. februar samrøystes at Øygarden kommune skal busetja 28 flyktningar i 2021, der to av plassane vert atterhaldne til einslege mindreårige som kjem til landet utan foreldre. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har oppmoda Øygarden kommune om å busetja 28 flyktningar i 2021. I saksutgreiinga skriv kommunedirektøren at det er bygd opp kapasitet og kompetanse i organisasjonen til å kunna gje eit tilpassa tilbod og oppfølging til dei som vert busette. Dei siste åra har dei tre kommunane, som i dag utgjer Øygarden kommune, busett om lag 400 flyktningar.

### Delte ut 4,34 millionar i krisemidlar



I februar fordelte Øygarden næringsutvikling 4,34 millionar kroner til 38 kriseramma bedrifter. Øygarden kommune fekk desse midlane frå staten for å kompensera lokalt næringsliv som vart hardt ramma av pandemien. Midlane vart delte mellom dei 53 kommunane i Noreg med arbeidsløyse over landsgjennomsnittet. Seinare i februar vart regjeringspartia og Frp samde om ein ytterlegare tiltakspakke for arbeid, unge og bedrifter. Via kommunen ville lokale verksemder i Øygarden få 10,2 millionar kroner.

### Vaksinerte 178 helsearbeidarar i Sotra Arena

Den 26. februar vart 178 helsearbeidarar i Øygarden vaksinerte for koronaviruset i Sotra Arena.

- Eg er litt spent på om eg får biverknader og ubehag i helga, sa Katrine Risløw som var ein av helsearbeidarane fekk den første vaksinedosen i hallen.

På biletet får Katrine vaksinedosen ved vaksinatør og anestesistjukepleiar Bent Robert Sørensen.



### Nær dobbelt så høg folkevekst i 2020 som året før

Til saman auka folketallet i Øygarden kommune med 52 personar i løpet av dei siste tre månadane av 2020. Dette er den lågaste veksten vi har sett i fjerde kvartal dei siste ti åra. Ved inngangen til 2021 budde det 38 664 personar i Øygarden kommune. Samanlikna med Bergen og andre omegnskommunar hadde Øygarden kommune ein høg folkevekst i 2020.



## Mars

### Slutta som kommunalsjef

Den 1. mars fråtrede Råmund Skjold, etter eige ønske, stillinga som kommunalsjef for Kultur og samfunn. Han gjekk over til stilling som spesialrådgjevar i Øygarden kommune, knytt til Kultur og samfunn.

### Vil restaurera Kronprins Olav slipp på Scalloway på Shetland

Under andre verdskrig var det tett kontakt mellom motstandsørsla i Noreg og Shetland. Mellom Noreg og Shetland vart det frakta agentar, flyktingar og utstyr med skøyter fram til tre ubåtjagarar tok over transporten frå 1943. No ønskjer eldsjeler her vest og på Shetland å restaurera slippet i Scalloway som var svært viktig for vedlikehald av båtane. Gamle Øygarden kommune løyvde 300 tusen kroner til prosjektet i 2019.



### Øygarden er eit demensvennleg samfunn



Den 23. mars underteikna Øygarden kommune og Nasjonalforeningen for folkehelsen under ein samarbeidsavtale som slår fast at Øygarden er eit demensvennleg samfunn. Det var generalsekretær i Nasjonalforeningen for folkehelsen, Mina Gerhardsen, og ordførar Tom Georg Indrevik som skreiv under avtalen. Biletet viser ordføraren som overrekkjer avtalen til demenskoordinator Hege Tveit.

### Skal utgreia felles barnevernsvakt med Askøy

Kommunestyret vedtok 25. mars at Øygarden kommune skal inngå eit kommunesamarbeid med Askøy kommune for å utgreia moglegheitene for å opprette ei aktiv barnevernsvakt i 2022. Det vart også vedteke å kjøpa teknisk servicebygg i Skogsvåg og setja av midlar til moglegheitsstudie for ny skule på vestsida.

### Øygarden har mange fortrinn

Det var stort engasjement blant deltakarane på innspelsmøtet for næringsutvikling i Øygarden 25. mars. 80 deltakarar var med på videomøtet, og 10 arbeidsgrupper drøfta aktuelle deltema bransjevis. Dette var eitt av mange tiltak og arrangement knytt til arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen dette halvåret.

### No kan du bruka dagsturhytta i Foldnesmarka

Ved hjelp av boremaskin fjerna ordførar Tom Georg Indrevik den 26. mars treklossen som sperra døra inn til dagsturhytta Larslibua i Foldnesmarka. Surt og kaldt vestlandsvér hindra ikkje ordføraren og gode medhjelparar til å markera den offisielle opninga.

- Dette er ei kjempeflott hytte. Her skal eg ha møte minst ein gong i månaden, lova ordføraren.

På biletet fjernar ordføraren treklossen som sperra inngangen. Dermed var hytta offisielt opna og open for alle.



## April

### - Vi er like forskjellige når vi vert eldre

Tidlegare ordførar i Bergen, Trude Drevland, la ingenting imellom då ho innleia på det digitale innspelsmøtet i regi av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing den 13. april.

- Hugs at vil skal leva ein tredel av livet vår etter at vi er 65 år, sa Drevland. Dagen før var det innspelsmøte i regi av ungdommens kommunestyre. Denne våren vert det gjennomført ei rekkje medverknadsmøte knytt til planen.



### Nye millionar til næringslivet i Øygarden

Denne våren vart det delt ut inntil 14,3 millionar kroner til næringslivet i Øygarden som er særleg ramma av lokale eller nasjonale smittverntiltak.

- Søk med ein gang dersom verksemda di er ramma av tiltaka, sa dagleg leiar i Øygarden næringsutvikling, Anita Mannes før tildelingsprosessen var i gang. Biletet: Aleksander Helmersberg i Milla Says har god erfaring med tildeling av krisemidlar. Til høgre; Anita Mannes.

### Delte ut berekraftsballar til skulane

I løpet av ei god vekes tid i april leverte ordførar Tom Georg

Indrevik ut berekraftsball til alle skulane i kommunen.

På berekraftsballen er dei 17 berekraftsmåla til FN teikna inn.

Biletet viser leiar i elevrådet på Ulveset skule, Oline Kaalaas, som tek imot ballen frå ordførar Tom Georg Indrevik.



### Eigne bosspann for munnbind



I slutten av april vart det plassert ut eigne bosspann for brukte munnbind på senterområda på Straume, Rong og Skogsskiftet.

- Vi har observert at mange munnbind vert slengde rundt omkring, seier butikksjef på Spar Rong, Vibeke Torsvik, og helsar tiltaket velkommen. Biletet viser leiar i grønt og park i Øygarden kommune Lars Fjærtøft som overleverte bosspann til butikksjef på Spar Rong, Vibeke Torsvik.

### Markerte helikopterulukka

Den 29. april var det fem år sidan den tragiske helikopterulukka ved Turøyna. Pårørende, representantar frå Equinor og ordførar i Øygarden markerte dette med å leggja ned kransar og blommar ved minnesteinen som er plassert i nærleiken av ulukkesstaden. Det vart også halde minnetalar under markeringa.

### - Dette fungerte heilt topp!

Johnny «Stril» Skålevik smilte breitt då han etter 20 minutt i observasjonshallen kunne vandra til utgangen etter å ha teke den første vaksinedosen med Pfizer-vaksine i Sotra Arena den første dagen det var massevaksinasjon i Sotra Arena.

690 personar fekk første dose Pfizer-vaksine 30. april. Med fire stasjonar var det lite ventetid for dei som stod klare for å få



vaksinen då vi var innom hallen før lunsj. 80 medarbeidarar var i sving inne og ute. Bilete; Johnny Stril fekk den første vaksinedosen i dag. Margun Toftevåg set stikket.

## Mai

### Kommunalsjef for Økonomi og organisasjon

Anne Erdal, som var kommunalsjef for Økonomi, vart i mai tilsett som kommunalsjef for Økonomi og organisasjon. Som følgje av omorganisering, vart to kommunalsjefområde slått saman til eitt kommunalsjefområde.

### Markerte frigjeringsdagen



Frigjerings- og veterandagen den 8. mai vart markert fem stader i Øygarden. I Telavåg møtte om lag 70 personar opp på arrangementet. Det starta om morgonen ved statuen for falne under krigen ved Hjelme gamle kyrkje og vart avslutta i Telavåg. Også ved minnestøttene ved Blomvåg kyrkje, Fjell festning og Fjell kyrkje var det markeringar. Det vart lagt ned kransar og talt for dagen.

### Sol, blide fjes og lange bilkortesjar på nasjonaldagen

Folk koste seg i det fine veret på nasjonaldagen, og mange stod langs vegen og fekk med seg dei fire bilkortesjane i Øygarden. I Fjell kyrkje var det gudsteneste der sokneprest Morten Torsvik talte og ordførar Tom Georg Indrevik las teksta for dagen. I etterkant var det kransenedlegging ved minnestøtta utanfor kyrkja. Biletet er frå kortesjen då han passerte Knappskog.



### Rune Lid slutta som kommunedirektør i Øygarden kommune



Rune Lid (bilete til venstre) fråtrede stillinga som kommunedirektør i Øygarden kommune med verknad frå 21. mai. Kommunestyret tok den 20. mai til etterretning at Lid fråtrede stillinga som kommunedirektør gjeldande frå 21. mai. Rune Landro (bilete til høgre), som var



konstituert kommunalsjef for Kultur og samfunn, gjekk inn som konstituert kommunedirektør. Den 25. mai vart Bjørn Erik Kristiansen konstituert i stillinga som kommunalsjef for kultur og samfunn.

### Positive til planar om ny storstove på Bildøyna

På møtet den 20. mai stilte kommunestyret seg positiv til planane for ei storstove for større arrangement på Bildøyna. Elles vedtok kommunestyret å arbeida vidare med moglegheitsstudie for nytt rådhus og kulturhus på Straume og å byggja ut Liljevatnet fase to.

### La ned grunnstein for karbonfangstbygg



Den 26. mai la statsminister Erna Solberg ned grunnsteinen for administrasjonsbygget til Northern Lights i Energiparken. - Dette kostar, men det kostar oss meir om vi ikkje får til klimautsleppa, sa statsministeren





før ho støypte fast grunnsteinen. Den 25. mai var det markeringar på Blomvåg skule og Tjeldstø skule (sjå biletet til høgre).

## Juni

### Tek i bruk topp moderne barnehage

Måndag 7. juni kunne styrar Evelyn Spilde (biletet) ønskja 76 barn velkomen til topp moderne lokale i nye Spildepollen kystbarnehage. Barnehagen på fem avdelingar, med ein kapasitet på 90 barn, ligg like ved Spildepollen skule og representerer det siste tilskotet til det som kan kallast eit nyetablert oppvekstsenter i området.



### Storbrannar i juni



Tidleg i juni var det ein stor lyngrann nord på Sotra. Brannen bluss opp igjen etter nokre dagar. Fleire hundre personar måtte evakuerast, og eitt hus og ei hytte brende ned i brannen.

Den 5. juni møtte statsminister Erna Solberg og justis- og beredskapsminister Monica Mæland mannskap som hadde delteke i hjelpearbeidet under dei store brannane.

### Elevane fekk snakka om korona med to statsråder

Den 8. juni fekk Hjelteryggen skule eit spennande besøk. Kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby og klima- og miljøvern-minister Sveinung Rotevatn møtte mellom anna femte årstrinn og fekk snakka om erfaringane om koronaviruset, berekraft, skulekvardagen og miljø.



### Sommar i Øygarden

Denne sommaren har kommunen fått ekstraordinær statleg støtte til sommaraktivitetar. Sommar i Øygarden er eit gratis tilbod for elevar på 1.-10. trinn i Øygarden kommune. Det vert ulike aktivitetstilbod heile skuleferien frå veke 25-32.

### Fekk overlevert ny varebil



Det var mykje jubel blant dei som i ekte vestlandsver var med på markeringa av at Basecamp Repro på Straume den 14. juni fekk overlevert ein flunkande ny elektrisk varebil. På biletet ser du ordførar Tom Georg Indrevik og banksjef i Sparebank 1 SR-Bank, Anne Line Gamlemshaug, som trekkjer av presenningen og dermed markerte overleveringa.

### Siste kommunestyremøte før ferien

Den 17. juni slutta kommunestyret seg til tilrådingane frå eit arbeidsutval som har utarbeidd ein gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester i Øygarden. Etter ein engasjert debatt vedtok kommunestyret med knapt fleirtal at pensjonsordninga for tilsette skal gå ut på anbod på forsikra løysing for fellesordninga. Kommunestyret vedtok samrøystes å etablera eit aksjonscenter på Øygarden lokalmedisinske senter frå hausten 2021 og vedtok tilsynsavtalar for fleirbrukshallar og gymnastikksalar.

### Signerte avtale og markerte starten på samarbeid SINTEF



Den 21. juni signerte ordfører Tom Georg Indrevik og konsernsjef i SINTEF, Alexandra Bech Gjørsv, samarbeidsavtalen mellom Øygarden kommune og SINTEF. Det var også digitalt arbeidsseminar på Teams med nærare 40 deltakarar fordelt på tre sesjonar. Vi tek også med at den 15. juni presenterte Øygarden næringsutvikling skisse til næringsstrategi for kommunen.